

SOS2900 Bacheloroppgåve i sosiologi
Institutt for sosiologi og statsvitenskap, NTNU

2019

Cannabis Og Tobakk

EIT STUDIE AV DISKURS RUNDT CANNABIS OG TOBAKK DE SISTE 15 ÅRA

INNHALDSFORTEIKNING

1 INNLEIING	1
1.1 PROBLEMSTILLING	1
1.2 BEGRUNNING	1
1.3 HISTORISK BAKGRUNN FOR CANNABIS OG TOBAKK I NORGE	2
1.4.1 CANNABIS I VERDA	2
1.4.2 CANNABIS I NORGE FRAM TIL 2000	2
1.4.3 TOBAKK I NORGE FRÅ 1906 TIL 2003.....	3
1.4 OPPGÅVAS STRUKTUR	4
2 TEORI OM SOSIALKONSTRUKSJONISME, OPINIONSLEIAR & SOSIAL MARKNADSTEORI ..	4
2.1 SOSIALKONSTRUKSJONISME	4
2.2 OPINIONSLEIAR	5
2.3 SOSIAL MARKNADSTEORI	6
3 METODE	7
3.1 KVIFOR DOKUMENTSTUDIE	7
3.2 DISKURSANALYSE	7
3.3 UTVALD MATERIALE	8
3.4 KVIFOR DETTE UTVALET?	8
3.4.1 TOBAKKSUTVAL	9
3.5. GJENNOMGANG AV UTVAL	9
3.5.1 «RUSMIDLER OG VEIVALG»	9
3.5.2 «DERFOR ER HASJRØYKERE TAPERER».....	10
3.5.3 «CANNABIS»	10
3.5.4 «ER DET SÅ FARLEG DÅ?».....	11
3.5.5 «BITTERSØTT»	11
3.5.6 WILLY PEDERSENS MORGENBLADETINNLEGG	11
3.5.7 «BRA DE FIKK ANMELDT STAKKAREN».....	12
3.4.8 «VENSTRE TOPPER VIL VURDERE NARKOMONOPOL FOR HASJ OG LSD»	12
3.5.9 «FORSKER: - HELSEGEVINSTEN ER ENORM VED Å GÅ FRA RØYK TIL SNUS. DET ER MYNDIGHETENE LITE VILLIG TIL Å OPPLYSSE OM».....	13
4 ANALYSE	13

4.1 ANALYSE I LYS AV SOSIALKONSTRUKSJONISME.....	13
4.1.1 HAR ME TAPT?	13
4.1.2 ME HAR DEFINITIVT TAPT	15
4.2.3 ME SEIRA FOR 15 ÅR SIDAN.....	16
4.2 ANALYSE I LYS AV OPINIONSLEIARAR.....	17
4.2.1 NRK SOM FRONTMANN.....	17
4.2.2 STARTER MED WILLY	18
4.2.3 TOBAKKSLEIARAR.....	19
4.3 ANALYSE I LYS AV SOSIAL MARKNADSTEORI.....	19
4.3.1 DET SOM MÅ VÆRE	20
4.3.2 DET SOM IKKJE MÅ VÆRE.....	20
4.3.3 SAL AV TOBAKK GÅR NED	21
5 DISKUSJON.....	22
5.1 ALLTID TO SIDER?	22
5.2 CANNABIS PÅ MENYEN	24
6 AVSLUTNING	26
6.1 KVA FANN EG?	26
6.2 KVA KUNNE VORTE GJORT ANNALEIS?	27
6.3 KVA KAN GJERAST VIDARE?	27
7 KJELDER.....	28
7.1 KJELDER FOR UTVALD MATERIALE.....	28
7.2 BOKKJELDER	28
7.3 NETTKJELDER.....	28

1 INNLEIING

1.1 PROBLEMSTILLING

I dag er det særleg to rustoffer som opplev særleg debatt her til lands, nemleg cannabis og tobakk. Medan det er mange meiningar ute om kvart stoff, har dei tilsynelatande meir til felles enn ein kanskje trur. Til dømes kan det være interessant å merkje seg at begge diskusjonane handlar om skadereduksjon versus Forbod, men den generelle haldninga til kvart stoff er på mange måtar fullstendig motsett til den andre. I denne Bacheloroppgåva ønskjer eg difor å sjå nærare på nettopp desse to debattane. Dette i den hensikt å forstå kvifor to diskusjonar med tilsynelatande same problemstilling har resultert i fullstendig forskjellig innhald på diskusjonen. Eller meir spissformulert: «*Korleis har diskursen rundt cannabis kontra tobakk endra seg dei siste 15 åra?*» Med denne formuleringa håpar eg å kunne sjå på kva som gjer desse to debattane så forskjellige, så vel som kva element som går igjen. Er det t.d. slik at de for det meste snakkar om den same problemstillinga, men at vår tilknytning til tematikken innverkar på *korleis* me snakkar, og tenkjer om den?

1.2 BEGRUNNING

Kvifor ser me på cannabis- og tobakksdebatten? For nokre år sidan ville eg sakt forhandsviis deterministisk at cannabis var for skrullingar og kriminelle. Mine foreldre, venner, tv, radio, nyheiter og politikarar var tydelege på dette og eg fann liten grunn til å mistru dette. Samstundes var eg av den oppfatning at folk skulle kunne røyke utan å verte fordømt og utstøytt om de forhold seg til tobakkslova. I ettertid har eg kome til å sjå de to ulike sider av same sak, kor det største skiljet er at den eine er lovleg, og den andre illegal. Det er nettopp difor eg synes dette er av fagleg interesse. Kvifor aksepterer eg argumentet at røykarar skal kunne gjere kva dei vil om de tar steg for ikkje å utgjere nokon skade for andre, medan eg ignorerte det same argumentet for legalisering/avkriminalisering av cannabis? Videre, kvifor er eg meir tilnærmeleg til desse argumenta i dag? Eg meiner det er relevant, så vel som viktig for oss å forstå nettopp korleis våre haldningar, handlingar og verdiar endrar seg på eit sosialt nivå, og er av den oppfatning at diskurs er ein sentral komponent til dette. Mi oppfatning av både cannabis og tobakk var tungt påverka av samfunnet rundt meg, og eg meiner noko av det viktigaste her var nettopp korleis me snakka om kvar sak, det vil si, diskurs. Det er i mi bacheloroppgåve då ønskjer å gjere er prøve å forstå korleis nettopp diskurs kan påverke vårt syn på tidlegare absolutte sanningar, samt korleis desse i dag er i endring.

1.3 HISTORISK BAKGRUNN FOR CANNABIS OG TOBAKK I NORGE

Eg ser det som hensiktsmessig å opprette eit historisk bakteppe for cannabis- og tobakksdebattane før me går inn med analyse av de siste 15 åra av debattane. I denne delen av oppgåva ønskjer eg difor å kort oppsummera dei siste 100 åra for cannabis i verda, cannabis i Norge og tobakk i Norge. Kva var/er den nasjonale oppfatninga av kvart stoff? Kva er viktige moment er det som dannar bakteppet for det me skal snakka meir konkret om i analyse og diskusjonsdelen av oppgåva?

1.4.1 CANNABIS I VERDA

I 2001 introduserte Portugal sin nye narkotikapolitikk, Portugalmodellen, kor besittelse og bruk av narkotikum utan autorisasjon framleis er forboden, men om ein ikkje besett meir enn 10 dagar verdt av brukardosar til personleg bruk har politiet mandat til å sende vedkomne til spesialistar som vidare kan vegleia, vidareseende til behandling og/eller sette krav (Johansen, Johansen & Johannessen, 2018). Videre skulle det ta 11 år før ein såg eit liknande opprør, då Colorado og Washington i 2012 stemte for å *legalisere* rekreasjonell bruk av cannabis (Carroll, 2012), tett følgt av bl.a Alaska i 2014 (Botelho, 2015). I dag (2019) er rekreasjonell bruk lovleg i 10 statar, og medisinsk bruk er lovleg i 33 statar (Berke, 2018). Det er likevel verdt å nemna at på eit føderalt nivå, under «Controlled Substance Act» frå 1970 (Anderson, 2018) har all bruk og besittelse av cannabis vore strengt forboden, med cannabis kategorisert som eit grad 1 stoff, på lik linje med stoff som heroin og LSD. Metamfetamin er rangert som eit grad 2 stoff (DEA.gov, henta 2019).

1.4.2 CANNABIS I NORGE FRAM TIL 2000

I 1961 introduserte FN cannabis inn i sin narkotikakonvensjon og oppmuntra alle sine medlemsland, inkludert Norge å ta skritt for å motarbeide forbruk av cannabis (Skretting & Amundsen, 2018). 4 år seinare, i 1965 vert cannabis forboden og det fyrste beslaget vert gjennomført (Stubberud, 1997). Dei neste 20 åra vart prega av ei heftig opptrapping i straff, frå 6 månader maksimum straff i -65 for narkotikalovbrot, til 21 år i 1984 (Hauge, 2009). Frekvente forbrukarar av cannabis (lik andre narkotiske stoff) vart sett på som farlege kriminelle som måtte straffast (Hauge, 2011). Fyrst ved siste halvdel av 80-talet byrja ein å sjå eit skifte frå denne mentaliteten, til ein meir sympatisk ein. Ikkje lengre var narkomane farlege kriminelle, men utsette og sårbare «pasientar» som trong sosial og helsemessig hjelp

(Hauge, 2011). Stadig fleire stemmer kom ut i kritikk av den høge strafferamma, og i 2002 kom straffelovkommisjonen ut med eit ønskje om å avkriminalisera forbruk av narkotika, og grunna dette med at det ikkje var hensiktsmessig å straffe folk for handlingar samfunnet fann umoralsk om det ikkje utgjorde noko skade, eller fare for skade for andre (Hauge, 2011).

1.4.3 TOBAKK I NORGE FRÅ 1906 TIL 2003

Tobakk har til samanlikning med cannabis ei lang historie. I denne korte historiske forklaringa har eg vald å starte med introduksjonen av maskinrulla sigarettar i 1906, då det er her «åtferdsepidemien» starta i følge folkehelseinstituttet (Lund, Lund, 2018). Før denne introduksjonen var sigarettar ansett som normkryssande åtferd (Lund, Lund, 2018). Dette forsvann derimot meir og meir etter kvart som tobakksprodusentane byrja kunne produsere meir for mindre, samt eit fråvær av informasjon om eventuelle skadeverknadar (Lund, Lund, 2018). Fyrst i 1950 nemnes røyk som ein *mogleg* faktor for ei auke i lungekreft til lands (Lund, Lund, 2018). I 1954 kjem det enda ein artikkel kor ein igjen merkar røyk som ein *mogleg* faktor (Lund, Lund, 2018). Det vises også at 75% av mannlege legar, så vel som 45% av kvinnelege er dagsrøykarar (Aarseth, 1996). Likevel, fyrst i 1964, etter ein amerikansk rapport konkluderte med ein definitiv link mellom røyking og hjarte- og karsjukdommar tar staten på alvor tak for å minske forbruket av tobakk, og ein såg blant anna. at stadig fleire vart klar over røykens moglege skadeomfang (39% i -58 til 74% i -64) (Lund, Lund, 2018). nær 11 år etter, i 1973 vert den fyrste iterasjonen av tobakksskadeloven, også kjent som «røykeloven» formulert, kor ein forbod reklamering av tobakksprodukt, så vel som ein forlangte at ein advarte om moglege helseskadelege effektar direkte på pakningen (tobakksskadeloven, 2018). I 1981 oppfordrar Den Norske Lægeforeningen regjeringa om å arbeide mot eit røykfritt samfunn i 2000 (Brundtland, 1981). Utover 90-talet vert debatten rundt tobakk stadig heftigare, med ei pro-tobakkside som frykter røykelovens effekt på individets fridom, medan anti-tobakksida kritiserer den helsemessige, så vel som den samfunnsmessige byrden tobakk bringer (Lund, Lund, 2018). Til slutt, i 2003 utvidast røykeloven til å bl.a. forby røyking på serveringsstader og tydlegare avmerking om skademoglegheitene på tobakksvarer (Adressa.no, 2018).

1.4 OPPGÅVAS STRUKTUR

I denne oppgåva kjem eg til å fyrst presentere de tre teoriane eg har vald ut for analysedelen av oppgåva. Dei utvalde teoriane er sosialkonstruksjonsteori, opinionsleiarteorien og sosial marknadsteori, og eg kjem til å forklare kva desse teoriane er, og korleis eg har tenkt å nytta meg av dei i oppgåva.

Videre kjem eg til å forklare kvifor eg har vald å nytte meg av dokumentanalyse og kvifor eg ønskjer å nytte meg av diskursanalyse. Eg vil også forklare kvifor eg har vald materialet eg har vald, og kjem til å gi ei kort oppsummering av kvart utvalde materiale. Det vil også bli gitt ei liste over materiale med kjelder for enkel tilgjengelegheit.

Deretter kjem eg til å starte analysen av materiale. Eg kjem til å gå trinnvis gjennom kvar teori, slik at me fyrst startar med å nytte oss av sosialkonstruksjonsteorien for å tolke cannabis- og tobakksdebattane. Videre vil eg nytta meg av opinionsleiarteorien for å sjå kva rolle desse kan ha i spreiring av informasjon og haldningar. Til sist vil eg nytta meg av sosial marknadsteori for å illustrere korleis argumenta ein nyttar, så vel som måten ein legg fram desse argumenta påverkar verdien me legg i haldningar, handlingar og verdier.

I diskusjonsdelen av oppgåva vil eg nytte meg av funna me gjer i analysedelen for å prøve å finne fram til moglege svar til problemstillinga presentert i innleiinga. Avslutninga vil være ei oppsummering av det me kjem fram til i analyse- og diskusjonsdelen av oppgåva.

2 TEORI OM SOSIALKONSTRUKSJONISME, OPINIONSLEIAR & SOSIAL MARKNADSTEORI

2.1 SOSIALKONSTRUKSJONISME

Teorien rundt sosialkonstruksjonisme er grunna i ideen at kvar vår verkelegheit er relativ til våre individuelle og kollektive opplevingar og erfaringar (Schiefløe, 2015). Innan sosialkonstruksjonismen ser ein på folks haldningar og handlingar, men er ikkje interessert i kva desse er i seg sjølv. Ein er i staden oppteken av korleis ein konstruerer desse og kva som forårsakar eit skifte frå ein konstruksjon til ein annan (Charmaz, 2014).

Korleis konstruerast desse sosialkonstruksjonane? Ein kan dele konstruksjonsprosessen inn i tre delar: eksternalisering, objektivering og internalisering (Schiefløe, 2015). Eksternalisering er i essens marknadsføring av ein ide. Aktørar presenterer, argumenterer og promoterer for ei framstilling av verkelegheita som sann (Schiefløe, 2015). Objektivering er når denne

versjonen av verkelegheita vert akseptert i kraft av seg sjølv (Schieffloe, 2015). Det spelar her ingen rolle kven det var som originalt presenterte ideen. Internalisering er når ein deltakar i kulturen/samfunnet lærar om denne objektiverte sanninga og tar dei som sin eigen oppfatning av verda. Eit eksempel på denne konstruksjonsprosessen kan vere nettopp Norges historie med røyk. Som nemnd tidlegare vart ein på 50- og 60-talet klar over røykens moglege helseimplikasjonar. Eksternaliseringsprosessen er her i byrjinga, kor forskarar byrjar leggje fram bevis for denne tolkinga av røyken. Denne prosessen fortsett fram til nærare 2000 talet, kor det vert stadig større oppslutning rundt denne tolkinga, og ein kan sei at det vert ein objektiv sanning, røyk er helsefarleg for brukar og dei rundt ein. Denne tolkinga har vore internalisert i det norske folk dei siste 15 åra, med liten endring i kor skadeleg me trur det er for både vår eiga og andres helse (Vedøy, Lund, Lund, Sæbø, 2018).

I denne oppgåva vil nettopp denne prosessen verte sentral. Til dømes vil det være interessant å sjå korleis våre internaliserte idéar frå røykedebatten har påverka våre tankar om både snus og e-sigarettar, så vel som cannabis.

2.2 OPINIONSLEIAR

Tanken om opinionsleiarar kjem frå Paul F. Lazarsfelds to-steps – hypotese, kor ein meiner ikkje alle deltek i, og konsumerer massemedia, men får likevel kjennskap til budskapet gjennom det som ein kallar opionionsleiarar (Sander, 2017).

Ein opinionsleiar er ein person eller organisasjon som bær mykje respekt frå andre, og som har stor innflytelse når det kjem til både spreiding og aksept av nye eller etablerte syn på bakgrunn av sin tilsynelatande kunnskap og erfaring (Parau, Lemnaru, Dinsoreanu, Potelea, 2017). Ofte opererer dei som eit mellomled for den originale avsendaren (lik t.d. massemedia) og massane ved at dei fortolkar og fordøyar informasjonen, og vidareformidlar deira tolking og haldning. Ein opinionsleiar er i essens ein som har overflod av ein eller fleire av dei 3 appellformane (Etos, Logos og Patos) for ei gruppe menneskjer. På same måte ein såg til sine foreldre i barndommen for å veta kva ein skulle synes om noko ser samfunnet (bevisst eller ei) til opinionsleiarane for korleis dei skal tolka kunnskap dei elles veit lite om (Sander, 2017). Seinare i oppgåva skal eg blant anna diskutera signifikansen av NRKprogrammet «Folkeopplysningen», samt Willy Pedersen og hans snuoperasjon rundt tematikken. Eg kjem også til å nytte teorien for å snakke om eventuelle opinionsleiarar i tobakksdebatten.

2.3 SOSIAL MARKNADSTEORI

Markedet er, lik sosiologi særst interessert i mennesket. Å forstå korleis og kvifor det handlar som det gjer slik at ein kan mest effektivt selje det produkt (Hastings, Saren, 2003). I dag kan marknadsteori også nyttast sosialt for å selje folk idear og normer, som t.d. våre forhold til nettopp cannabis og tobakk. Samstundes, for at eit sal skal kunna ta stede er det ifølgje denne teorien 5 forutsettingar som er nødvendige; (1) minst to parter, (2) Begge parter har noko av verdi til den andre, (3) begge parter har moglegheita for kommunikasjon og leveranse, (4) begge parter kan godta og avvise tilboda og (5) begge parter oppfattar det som ønskeleg eller passeleg å handle med motparten (Kotler & Malhontra, 2011). Oppgåva i sosial marknadsteori er då altså å finne målgruppa ein ønskjer å nå, og overbevise denne om at de sosiale godene ein oppnår er meir verdt enn de eventuelle negative konsekvensane kostar. Til dømes, er det meir hensiktsmessig å drive ein skadereduserande cannabis- og tobakkspolitikk framfor ein forbodspolitikk? Med sosial marknadsteori håpar eg å kunne utforske nettopp kven desse tiltaka skal seljast til, samt kvifor dei eventuelt oppnår suksess eller feilar.

Kotler nemnar også 4 element ein må unngå for best å kunne selje noko; (1) irritasjon, (2) Urettferdigheit, (3) lureri og bedrageri, (4) Invasjon av privatliv (Kotler & Malhontra, 2011). Med irritasjon meinte han slikt som overdriven marknadsføring gjennom sms, telefon og e-mail. urettferdigheit var utnytting av sårbare individ, som t.d. når enkelte føler politiet bidreg til å slå ned dei som allereie fell utanfor samfunnet grunna noko mange ser som mindre farleg enn lovlege stoffar. Lureri og bedrageri kan trekkast inn i diskurs ved at ein eller fleire aktørar i diskusjonen opplevst som uærlege, overdrivande og/eller argumenterer i vond and. Med tanke på kor mange myter og tankar som flyt rundt om cannabis kan det t.d. opplevst som om ein eller begge sider av diskusjonen aktivt veljar å unnvika, eller feilrepresentere fakta til fordel for fremming av eigen agenda. I ein sosial samanheng kan dette t.d. være å nytte seg av stråmannsargument, eller unngå å informere om potensielle negative konsekvensar. Til sist, invasjon av privatliv kan referere til i kor stor grad ein skal tillate stat og myndigheita å nytte seg av nærmast autoritære verkemiddel for å kunne effektivt handheva narkotikalovverket. Skal ein t.d. tillate tilfeldig søk på ungdom- og vidaregåandeskuler?

I denne oppgåva kjem eg til å sjå på begge desse delane av marknadsteori for å forsøke å forstå kvifor nokre idear og normer tilsynelatande «sel» betre enn andre.

3 METODE

3.1 KVIFOR DOKUMENTSTUDIE

Ettersom me i denne oppgåva er ute etter utviklinga av diskursen rundt tematikken over 15 år vert det mest hensiktsmessig å faktisk studere og analysere momenta slik dei framstod der og då. Kven og når vart det skriven, til kven var det skriven til og kva var hensikta med å skrive det, var det ein agenda? Dokumentstudie gir oss reiskapene me treng til å spørje desse spørsmåla meir direkte enn andre metodar, samt samanlikna periodane med kvarandre (Tjora, 2017).

Dei ulike dokumenta og mediaene eg har vald å jobbe utifrå er nytta basert på ulike viktige utviklingar innan dei to debattane dei siste 20 åra. Avkriminaliseringa av brukardosar narkotikum i Portugal i 2001, legalisering av rekreasjonell bruk i diverse amerikanske statar mellom 2012-2016 og legalisering i heile Canada i 2018 er viktige periodar som eg basere cannabisdiskursen på. I tobakksdebatten vert t.d. aukiing av aldergrense i 1996, restriksjonar til offentleg røyking i 2004, revisjonen av «røykelova» i 2013 og standardiseringa av innpakningar i 2016 viktige moment å basere utvalet på. Alt dette ser eg på som katalysatorar for utvikling innan diskursen.

3.2 DISKURSANALYSE

Om val av dokumentstudie tilet oss å spørje spørsmåla, tilet diskursanalyse oss å svare desse spørsmåla. Når ein nyttar diskursanalyse er ein ikkje interessert i handlinga i historia, men heller på kva dei ulike momenta i ein tekst representerer (Johannesen m.flr, 2018).

Gjennom denne form for analyse vil ein kunne finne det som ligg bak teksten og dra informasjon ut frå dette. I tilfellet av denne oppgåva vil eg for det meste nytte meg av diskursanalyse for å få ei forståing av kva som er forsøkt presentert, og kva som vert forsøkt oppnådd ved materialet. Prøver ein å sverte, promotere, forføre eller liknande?

3.3 UTVALD MATERIALE

«En meir human og rettferdig narkotikapolitikk?» (Andenæs, Pedersen & Waal, 2004)
«Forbudstidens siste dager» (Christie, Pedersen & Waal, 2004)
«Slaget er ikkje tapt» (Bentzen, Pedersen & Waal, 2004)
«Derfor er hasjrøykere tapere» (NRK Humor, 2016)
«Cannabis» (NRK, Folkeopplysningen, 2016)
«Er det så farleg då?» (Bendixen, 2015)
«Bittersøtt» (Pedersen, 2015)
«Cannabis bør legaliseres» (Pedersen, 2009)
«Bra de fikk anmeldt stakkaren» (Reddit, 2019)
«Venstre topper vil vurdere narkomonopol for hasj og LSD» (Barstad, 2018)
«Forsker: - Helsegevinsten er enorm ved å gå fra røyk til snus. Det er myndighetene lite villig til å opplyse om» (Skogstrøm & Dommerud, 2019)

Kjelder for utvalget er gitt i del 7 av oppgåva

3.4 KVIFOR DETTE UTVALET?

Det var fleire haldepunkt eg nytta meg av då eg valde ut materialet eg nytta meg av i oppgåva. Fyrst såg eg på *når* materialet vart utgiven. Tidsramma var de siste 20 åra, og eg forsøkte å velje ut materiale utgitt rundt det eg ansåg som viktige millepælar i kvar debatt. «Rus og veivalg» frå 2004 vart utvald grunna si avstand frå Willy Pedersens Morgenbladetinnlegg for å få ei grunnlinje å samanlikna debatten med seg sjølv basert på før og etter 2009. Det neste var å dele inn i ulike typar personar. Var de forskarar, politikarar, journalistar eller mannen på gata? Etter å ha oppnådd ein viss grad av mangfald av ulike personar byrja eg skilje mellom medium. Var det ei bok, avisartikkel, tvprogram også vidare. Eg valde å halde meg til medium eg trudde den generelle befolkninga ville kunne konsumere og vidare komme ut med ei meining om. Statsmeldingar vart for meg til dømes for knotete og kompliserte for at folk

flest skulle kunne få nokon nytte av dei. Grunninga for at eg gjorde dette var at ettersom eg skal sjå på diskusjonen på samfunnsnivå var det ikkje hansiktsmessig å inkludere materiale eg ikkje trudde hadde stor innverking på kva Ola Nordmann skulle tenkje. Til sist delte eg inn materiale basert på deira posisjon i debatten. Var dei for eller mot avkriminalisering/legalisering av cannabis, hadde de nokon tankar om skadereduksjon versus forbod i tobakksdebatten. Også her forsøkte eg å spreie fordelinga, men eg oppdaga at på tobakksfeltet var det eigentleg mindre interessant å sjå på materiale som heldt med status quo. Eg valde difor å utelate materiale som var overveldande for forbod av tobakk, då det var meir interessant for meg å sjå på kvifor skadereduksjon innan tobakksdebatten såg ut til å ha større problem enn cannabis å argumentere sin sak. Det gav også ei betre grunnlinje å samanlikna cannabisdebatten med.

3.4.1 TOBAKKSUTVAL

Videre er det verdt å merke seg at eg valde for det meste tobakksmateriale frå etter 2015. Det er riktig at det hendte mykje med tobakkslovane mellom 2000 og 2014, men eg fann at debatten var forhandsvis uinteressant. Det som var meir interessant for meg var det som har hendt de siste få åra med framveksten av e-sigarettar, så vel som stadig fleire som stiller spørsmål til statens forhold til snus.

3.5. GJENNOMGANG AV UTVAL

3.5.1 «RUSMIDLER OG VEIVALG»

Sjølv om boka originalt vart utgitt i 1996, vart 2.utgaven utgitt i 2005, noko som for meg antyd at boka og dens innhald framleis hadde relevans på dette tidspunktet. Boka har eit mangfald forfattarar som alle presenterer sine argument for og/eller imot legalisering av cannabis, samt diskuterer kvaliteten av motstandaranes eigne argument. Håpet når eg valde boka var at den skulle kunne gi eit bilete av kor debatten var i 2004 (så vel som 1996). For å minne lesarar av oppgåva, hensikta med denne oppgåva er å sjå korleis diskurs rundt cannabis og tobakk har endra seg dei siste 15 åra. Det vert då viktig å vita kor me var på byrjinga av desse 15 åra. Eg har derimot ikkje analysert alle kapitela i boka, av omsyn til både tid og vilje men heller lest gjennom og vald ut 3 kapittel, nemleg kap.5, 7 & 8, av Johns Andenæs, Nils Christie og Ketil Bentzen respektivt.

Denne boka vil verte mest brukt til å vise kor lite debatten verkeleg har utvikla seg. Boka vil i grunn vise kva som eg kjerna i debatten den dag i dag, og forhåpentleg vis vise kvifor

debatten har ein tendens til å verta litt oppheta. Eg kjem til å nytte marknadsteori for å snakke om korleis dei sel sine argument, samt sosial konstruksjonisme for å forklare korleis verdshilete til dei to sidene står i konflikt med einannan og påverkar samfunnet rundt oss.

3.5.2 «DERFOR ER HASJRØYKERE TAPERER»

Denne videoen vart publisert på youtubekanalene «NRK Humor», og eg har vald ut denne ettersom eg meina den kan være eit reiskap for å forstå det som faktisk er interessant her, kommentarfeltet. Her skal eg derimot berre fort ta for meg videoen, slik at me kan nærare analysere kommentarane seinare i oppgåva. «Lasse» er i denne videoen avbilda som den typiske hasjrøykaren. Skitten, fjern og visnande. Hans to kameratar derimot ser tilsvarande normale ut. Medan Lasse sitt og røykar fer de ut på quiz-kveld, snakkar om korleis Lasse visnar bort, medan dei drikk seg stupfull. Deretter fer dei tilbake til Lasse, bråkete, sinte og ramponerer Lasses leilegheit. Politiet dukkar til sist opp og tar Lasse i arrest. Heile videoen er openbart konstruert for å få sjåarar til å samanlikna cannabis med alkohol, og sympatisere med «taparen» som ikkje gjer nokon skade til andre. Den uttenkte moralen i historia er tydeleg, «cannabis er mindre farleg enn alkohol, men ein straffast likevel hardare, kva er det for slags logikk?». Eg kjem til å nytta denne videoen i kombinasjon med sosial marknadsteori for å utforske korleis kommentarfeltet kan illustrere ei vaksande desillusjon til dagens haldningar ovanfor både alkohol og cannabis.

3.5.3 «CANNABIS»

I 2016 laga NRKprogrammet Folkeopplysningen ein episode om cannabis kor fysikar og programleiar Andreas Wahl går gjennom ulike myter rundt cannabis og testar deira validitet. I episoden snakkar Wahl med fleire ekspertar på feltet, samt dåverande justisminister Anders Anundsen om stoffet. Det mest nemneverdige som kom ut av episoden, som opptil fleire nasjonale media beit merke i er bruken av ein tabell som bl.a. viste cannabis som mykje mindre skadeleg enn lovlege rusmiddel lik tobakk og alkohol. Likevel er det ikkje dette eg kjem til å fokusere på i denne oppgåva, då eg har eit mangfald av dokumenter som snakkar om nettopp dette. I staden ønskjer eg å nytte opinionsleiar teorien for å utforske kva betydning det har at rikskanalen lager eit seriøst program som i det store og heile presenterer cannabis i eit godt lys.

3.5.4 «ER DET SÅ FARLEG DÅ?»

Boka kom ut i 2015, skriven av cand. Paed Solveig Bendixen som eit motargument mot legalisering og avkriminalisering av cannabis og andre narkotiske stoffar, og legg tung vekt på vondskapen som både den avhengige og deira familiar går gjennom grunna all form for rusmisbruk, inkludert alkohol. Ho går systematisk gjennom dei ho anser som dei største argumenta for legalisering og forsøker å komme med motargument. Kapittel 7 i boka nyttar også sjansen til å føreslå fleire tiltak Bendixen trur vil kunne kraftig redusere omfanget av både cannabis og andre rusmiddel. Denne boka vil eg, lik Pedersens «Bittersøtt» nytt som ei samanlikning til diskusjonen frå 2004, samt at ho fungerer som eit motpunkt til Bittersøtt sjølv. Det er særleg siste kapittel av boka eg finn interessant for denne oppgåva, og vil nytte både sosial marknadsteori så vel som sosialkonstruksjonisme til å forklare kvifor tiltaka føreslått her ikkje har fått same medieomtale som Pedersens «Bittersøtt».

3.5.5 «BITTERSØTT»

Sosiolog Willy Pedersen gav i 2015 ut tredje utgåve av boka «bittersøtt», som er ei skildring av rus- avhengigheitsmiljøa i Norge. Boka tek for seg både cannabis og tobakk, så vel som andre, tyngre stoff. I boka argumenterer Pedersen for legalisering, eller i det minste avkriminalisering for å meir effektivt hjelpe dei som fel utanfor. Lik Nils Christie på 90-talet er ikkje Pedersen nødvendigvis positiv til at folk skal benytte seg av cannabis, men meiner miljøet rundt stoffet er vesentleg farlegare enn stoffet, og at ein bør gå for ein skadereduserande politikk framfor ein forbods-prega. I denne oppgåva kjem eg til å nytte Pedersens «Bittersøtt» til å samanlikna med argumenta frå 2004. Eg kjem også til å ta nytte av opinionsleiarteorien for å forklare kvifor eg meiner det er viktig at nettopp Pedersen var den som skreiv denne boka. Sosialkonstruksjonismen vert og sentral, saman med marknadsteori for å forklare korleis argumenta i boka har hatt ein innflytelse på folks tankar om både cannabis og tobakk.

3.5.6 «CANNABIS BURDE LEGALISEREST»

16.oktober, 2009 publiserte Morgenbladet ein essay skriven av sosiolog Willy Pedersen kor han skriv om kvifor han no går ut for legalisering av cannabis. Kjernen i teksten omhandlar dei ulike grunnane han meiner dåverande ruspolitikk ikkje fungerte, med eit av hovudargumenta vèrande at cannabisrøykarar vert straffefølgd, for ingen annan grunn enn

for brot på narkotikalovverket. Altså, elles lovlydige borgarar vert straffa for bruk av eit stoff som i det store og heile ikkje utgjer stor skade for samfunnet.

Valet av dette dokumentet kjem fyrst og fremst frå det faktum at nettopp både essayen og Pedersen sjølv ofte refererast til av andre debattantar i tida etter utgivinga, bl.a. av Solveig Bendixen i 2015 og folkeopplysninga 2016. Eg kjem difor til å nytte denne teksten saman med Bittersøtt for å snakke om opinionleiarar. Eg vil også gå gjennom teksten i lys av sosialkonstruksjonisme og sosial marknadsteori for å prøve å forklare kvifor nettopp denne essayen hadde ein slik effekt på debatten på landsbasis.

3.5.7 «BRA DE FIKK ANMELDT STAKKAREN»

Dette er ein forumpost oppretta på nettforumet «Reddit», på subredditen /r/Norge som eg valde å ta med i analysen mykje grunna korleis deltakarane i forumet diskuterar rundt politiets handtering av narkomane. Utløysaren var ein tweet frå twitterbrukar Politetsorvest som kunne rapportere at dei hadde funne ei dame i midten av 20-åra i kulda, teke ho til legevakta, fått bekrefte narkotikabruk og melde ho for bruk. Tilsynelatande syntes dei fleste at situasjonen var «motbydelig», «absurd» og «dystopisk». Debatten som kom ut av dette var derimot fokusert på om politiet skal følgje lovverket til punkt og prikke, eller om de skal kunne «bruke sin medmenneskelegheit» til å eventuelt sjå mellom fingrane når det kjem til personar som allereie er langt nede. Eg ønskjer med denne teksten å nytte sosial marknadsteori, samt sosialkonstruksjonisme for å prøve å forstå kvifor medlemmar i forumet tilsynelatande hadde ein så heftig respons til at politiet gjorde jobben sin.

3.4.8 «VENSTRE TOPPER VIL VURDERE NARKOMONOPOL FOR HASJ OG LSD»

Artikkelen, fyrst publisert i Aftenposten virker for meg å illustrere ein nokså pragmatisk tilnærming til diskusjonen om legalisering av cannabis, så vel som andre lettare stoffar, og eg har difor vald å ta den med i analysen. Det er ikkje eit forsøk på å spille på nokon hjartestrenger, ingen snev av moralisme og meir fokus på ei oppfatning av at dagens system ikkje fungerer. Det argumenterast for å «*flytte salget av hasj og marihuana fra gatene på Grønland til ryddige butikklokaler*». Det er også ein kritikk av den kommande rusreforma, at den ikkje tar hand om de kriminelle miljøa, og viser til at Canada og USA har oppnådd stor grad av kontroll over den lette stoffbruken med tanke på innhald og styrke. Eg kjem til å nytte denne artikkelen saman med sosial marknadsteori for å utforske korleis desse argumenta «sel»

ovanfor lesarar av artikkelen. Det vil også være interessant å sjå kva effekt det har at medlem av eit regjeringsparti veljar å gå så tydeleg ut med eit slikt forslag, og kjem til å nytte meg av opinionsteori for å gjere dette. Det er for øvrig viktig å merke seg at dette forslaget ikkje gjekk gjennom på Venstres landsmøte.

3.5.9 «FORSKER: - HELSEGEVINSTEN ER ENORM VED Å GÅ FRA RØYK TIL SNUS. DET ER MYNDIGHETENE LITE VILLIG TIL Å OPPLYSE OM»

Artikkelen vart publisert i Aftenposten og tek for seg vårt syn på snus og røyk. Eg valde denne artikkelen nettopp fordi den omhandlar dynamikken av skadereduksjon kontra forbod, og meiner eg kan hente mykje her ved hjelp av både sosialkonstruksjonisme for å snakke om korleis folk ser tobakksvarer til å starte med, så vel so å nytte teksten i samband med opinionsleiarteorien for å forklare kvifor enkelte argument som marknadsteorien påstår vil få medvind fell på døve øyrrar. På mange måtar er argumenta i denne artikkelen dei same ein ser i t.d. Pedersens «Bittersøtt» (2015), so det er gode moglegheiter for samanlikning.

4 ANALYSE

4.1 ANALYSE I LYS AV SOSIALKONSTRUKSJONISME

4.1.1 HAR ME TAPT?

Den største delen av forbodssida, og det som effektivt er lynsjepinnen for alle de andre argumenta deira er at krigen mot narkotika ikkje er tapt. Dette kan ein sjå i både Solveig Bendixens bok, samt Ketil Bentzens kapittel. Tvert imot har ikkje krigen gått langt nok om ein skal tru Bendixen som argumenterer for enda strengare og meir omfattande tiltak for å slå ned på cannabisbruk, då særleg retta mot cannabisbruk blant unge. Tanken er altså den at eit rusfritt Norge er mogleg om ein fortsett i same retning, ein må berre være villig å gjere det som krevst. Norge har også, slik me såg i introduksjonen vore blant de hardaste på narkotika i Europa med ei straffegrense på 21 år sidan 80-talet. Både Bendixen og Bentzen argumenterer for at strenge strafferammer verker avskrekkande ovanfor potensielle brukarar, samt at fengsel kunne være eit godt utgangspunkt for rehabilitering. Begge desse argumenta ser ut til å ha vore allmenn akseptert, eller internalisert fram til Willy Pedersens innlegg i Morgenbladet i 2009. Etter innlegget er det tydeleg, som me skal sjå litt seinare at avkriminalisering/legaliseringssida får gjennomslag for deira sosialkonstruksjon, og forbodssida må difor byrja eksternalisere sin sosialkonstruksjon for å konkurrera.

Fyrst og framst burde eksternaliseringsfasen i følge teorien preges av vitskaplege, informerte og godt grunna argument for effektivt å kunne spreie og oppnå aksept. Eg trur ikkje forbodssida har gjort dette effektivt, og har i staden respondert relativt avvisande til forskning som sett cannabis i eit betre lys. Til dømes kan ein sjå til dåverande justisminister Anders Anundsens respons til påstanden om at cannabis er mindre farleg enn alkohol då Folkeopplysningen intervjuar ham. Til tross for at det var «ganske brei» konsensus blant forskarar at dette stemte presenterte Anundsen fire relativt dårlege kjelder for å argumentere motstand. Argumentet vert altså ikkje støtta opp skikkeleg av verken god forskning eller god argumentasjon, og når avkriminalisering/legaliseringssida har og kan *vis*e forskning som støtter deira argument fell forbodssida flat.

Også Politiets tweet kan sjåast som ein eksternalisering av forbodssidas sosiale konstruksjon. Som nemnt var dette ein situasjon kor politiet fann ei narkoman kvinne ute i kulda som fraus og drog på legevakta. Der fekk de bekrefte narkotika i kroppen og politimeldte ho. Det som faktisk eksternaliserest her er at personens bruk av narkotika er viktigare enn at de allereie er langt nede. Det som kjem tydeleg fram på Reddit er derimot at det er mange som ikkje føler det slik, og finn det motbydeleg at politiet handla slik dei gjorde, til tross for at det er jobben deira. For min del er dette veldig interessant, at mange er av den oppfatning at politiet burde sjå vedkommande allereie er så langt nede at straffeforfølgning berre ville forverre situasjonen. Det igjen vitnar for meg om at forbodssidas tankar og idear ikkje er internaliserte, og at eksternaliseringa heller ikkje oppnår suksess.

Ein kan også sjå til Bendixen og Ketil Bentzens eksemplar knytt til Nederland. Begge snakkar om korleis Nederlands «kaffehus», kor ein lovleg kan omsette cannabis, har ført til auka bruk av cannabis og at desse «kaffehusene» også omsette ulovlege stoffar. Dette er meint som ei kontring til forslaget om lovlege utsalsstader, men det opplevst som ei uærleg tilnærming. Ingen seriøse aktørar eg har sett snakke om legale utsalsstader har uttrykt eit ønskje for ei Nederlandordning. I staden argumenterer de alle (Andenæs, Pedersen & Waal, 2004; Christie, Pedersen & Waal, 2004; Pedersen, 2015; Barstad, 2018) for ei ordning lik vinmonopolet. Det vert altså ein statleg institusjon og ikkje privat. Argumenta som forsøkast eksternalisert vert difor, i det minste for meg ein feilaktig samanlikning, då det er stor forskjell på privat og offentleg drift. Igjen, konstruksjonen fell flat.

Ein kan også sjå tilbake på Bendixens forslag om strenge og meir omfattande verkemiddel for å slå ned på cannabisbruk. Eit slikt argument krev igjen vitskapleg støtte for å effektivt verte

spredt blant den generelle befolkninga, men også her feilar forbodssida. Argumentet er at om me berre strammar inn litt til, vil me etter kvart eliminere narkotika i Norge. Men dagens data føreslår at innstraming ikkje gir resultat om ein skal tru Folkeopplysningen. Skal ein då berre stole på at det vil omsider fungere, eller skal ein byrje sjå etter alternativ. Det er her Legaliseringssida finn sin inngang i debatten.

4.1.2 ME HAR DEFINITIVT TAPT

Avkriminalisering/legaliseringssida har i lang tid argumentert for at dagens ordning gjer meir skade enn hjelp, og har landa på den konklusjon at krigen mot narkotika er tapt. I staden veljar desse å anerkjenne samt respektere at cannabis og andre rusmidlar er kome for å bli i Norge, og argumenterer for at dagens politikk ikkje er i stand til å svare dette. Videre, lik eg allereie har smått nemnd, har avkriminalisering /legalisering vore betydeleg betre på eksternalisering av sin sosialkonstruksjon ved effektiv bruk av forskning. Folkeopplysningen snakka med eit mangfald av forskarar spreid utover fleire land, og alle var semde om at strenge strafferammer gjer meir skade enn godt. Pedersen viser til djubdeintervju når han argumenterer for at miljøet og kulturen cannabisrøykarar vert dytta inn i er meir skadeleg enn stoffet sjølv, og statssekretær i Justisdepartementet, Sveinung Rotevatn argumenterer i Aftenposten for at cannabis berre er inngangsnarkotika om ein må gå til ein langer.

Tanken om at cannabis er mindre farleg enn alkohol har fått nok kredens til at ein i NRKhumors video kan illustrere cannabisrøykaren som den stereotypiske cannabis-taparen, og likevel ha eit kommentarfelt som heier på cannabisen. Hadde ein ikkje folk til ei viss grad akseptert denne konstruksjonen, eller verkelegheitsoppfattinga ville vitsen utvilsamt falt flat. Den er avhengig av at folk «aksepterer» at cannabisrus er meir ønskeleg enn fylla for at det skal være morosamt. Samstundes, medan nokre applauderer NRK for videoen og sett pris på budskapen som formidlast er det også ein del som finn det forakteleg å vitse om narkotika på ein slik lettvinnt måte. Det bidrar til avskrekking av eit stoff mange finn sær problematisk.

Det som kontinuerleg går igjen blant mange av forkjemparane av avkriminalisering /legalisering av cannabis i mitt utval (Andenæs, Christie, Pedersen) er de understrekar at de ønskjer at ingen følte trong for narkotisk stoffbruk. Det er altså ikkje cannabisrøykaren sjølv som får stå på plattform og tale til befolkninga, men i staden profesjonelle som meiner å sjå feil ved dagens sosialkonstruksjon. De tre nemnd over i teksten, i tillegg til Venstre seier alle dette, at dagens politikk ikkje tek hand om heile problemet. I Pedersens innlegg i Morgenbladet er han tydeleg på at politikken faktisk utgjer meir skade enn stoffet sjølv.

Hensikta deira er *ikkje* at alle skal gå ut og rusa seg på cannabis, men heller sette inn tiltak som skal syte for skadereduksjon og betre handtering av problemstillingane som kjem av narkotika.

4.2.3 ME SEIRA FOR 15 ÅR SIDAN

Tobakksdebatten har til kontrast med Cannabisdebatten ingen konflikt blant sosialkonstruksjonar. Det eksisterer hovudsakleg ein konstruksjon blant folk flest, og den er at tobakk er farleg, nikotin er farleg og røyk, snus og e-sigarett er i grunnleggande det same. Dette ser ein i Skogstrøm & Dommeruds artikkel. *«En ny studie viser at folk anslår at risikoen ved å bruke snus er nesten 80 prosent av risikoen ved å røyke, mens medisinske ekspertkomiteer anslår risikoen til å være under 10 prosent»*. Dette har ifølgje Folkehelseinstituttet vore standard de siste 16 åra. Dette er ein sosial konstruksjon, og den har liten til ingen motstandar. Blant anna meiner FHI at helsedirektoratet ikkje har gjort nok for å informera om helsegevinstar for røykarar å gå over til snus. Dette kan, lik til dømes Pedersen snakkar om i Bittersøtt komme av at skadereduksjon ikkje er eit tema i tobakksdebatten. Pedersen argumenterer for at ettersom dagens sigarettar allereie skulle være «sunne» alternativ til tidlegare alternativ har politikarar, så vel som folk flest liten tru på at ein kan tilnærma seg tobakk på nokon annan måte enn med ei forbodslinje. Sjølvsgat er det enkelte som uttrykkjer ønskje om ein skadereduserande politikk, som t.d. personane i Skogstrøm & Dommeruds artikkel og Pedersen i Bittersøtt, men medan desse må argumentere for sin sak, altså eksternalisere, er vår haldning til tobakk og nikotin ganske internalisert. Det er ingen som treng å komme ut og forsvare at snus og e-sigarettar på mange områder også rammes av tobakksskadeloven like strengt som røyken, eit stoff mykje meir skadeleg for både individ og de rundt brukar.

Pedersen markerer eit skilje mellom røyk, snus og e-sigarettar og spør også om snus og e-sigarettar kan være eit skadereduserande tiltak ovanfor røyk. E-sigarett er kanskje det mest interessante tiltaket, då det ikkje innehar tobakk i det heila. Likevel er det ulovleg å selje e-sigarettar med nikotin (Helsedirektoratet, 2018), eit element ein ville tru skulle være overordna for at de siste daglegrøykarane skulle i det heila vurdere å skifte vane. I tillegg vert e-sigarettar underlagt tobakksskadelovane, og reklamering er difor ulovleg, til tross for at dette kunne bidra til at ein ytterlegare reduksjon av røyking. Igjen, skadereduksjon er i vår sosiale konstruksjon ikkje eit alternativ.

Det er altså slik eg ser det to sentrale aspekt ved den sosiale konstruksjonen rundt tobakk. (1) forbod er betre enn skadereduksjon. (2) Røyk, snus og e-sigarettar er mykje det same, og ein bør streve mot å eliminere bruk av alle tre.

4.2 ANALYSE I LYS AV OPINIONSLEIARAR

Ein opinionsleiar er som nemnd tidlegare ein person som samlar, bearbeidar og spreie informasjon til massane. Det er i det utvalde materialet fleire eksempel på dette, og eg kjem no til å prøve å vise korleis ein kan nytte opinionsleiarar for å forstå utviklinga i diskursen de siste 20 åra. Lat oss starte med

4.2.1 NRK SOM FRONTMANN

Folkeopplysningen sitt cannabisinnslag er eit godt eksempel på korleis ein kan nytte opinionsleiar teorien til å forstå utvikling av diskursen. NRK1, kanalen episoden fyrst lanserte på, er mediainstitusjonen med høgast grad av tillit blant befolkninga ifølgje NRKs 2018 allmennkringkastarrekneskap (NRK, 2019). I tillegg er episoden lett tilgjengeleg, heilt gratis, rekna for dei i alderen 9+ og informasjonen presenterast på ein lett forståeleg måte som ikkje krev nokon form for forkunnskap frå sjåarar. Det innslaget i hovudsak gjer er å spreie god, lett fordøyeleg informasjon til massane. Ein del av opinionsteorien er derimot også at opinionsleiararen skal fortelje lyttarar korleis dei skal tolka informasjonen og kva ståstad ein skal ha. Folkeopplysninga tar ikkje nødvendigvis eit tydeleg og solid ståstad, men informasjonen den spreier bidreg uansett til ufarleggjering av eit stoff tidlegare tenkt på som svært farleg.

Om ein ser bort frå at det var NRK og Folkeopplysningen som laga programmet, og heller ser på personane intervjuja i programmet kan opinionsleiar teorien hjelpe oss også her. Medan avkriminalisering/legaliseringssida representerast av forskarar, vert forbodssida hovudsakleg representert av politikarar og mannen på gata. Eg vil påstå at personar som har forska på feltet har vesentleg meir autoritet blant folk flest, og informasjonen desse deler med oss i programmet vert då også meir påliteleg enn motstandarane. Informasjonen deira vert altså enklare for oss som sjåarar å ta til oss, fordi det er ein ekspert med årevis av erfaring som presenterer tydelege og klare argument.

4.2.2 STARTER MED WILLY

Eg anser også Willy Pedersen å være ein opinionsleiar. Årsaka for at eg inkluderer han i denne gruppa er på bakgrunn av at mange av argumenta han nytta seg av i essayen publisert av morgonbladet er dei same som Nils Christie og Johs. Andenæs nytta i «Rusmidler og veivalg» frå 2004, men han fekk mykje større gjennomslag enn dei to. Alle tre snakkar om skadeeffekten av å fengsle cannabisrøykarar samanlikna med skaden cannabis sjølv gjer. Alle tre meiner stoffet allereie er her, og at kriminalisering ikkje bidreg til ei minke i bruk og alle tre tar til ordet for skadereduksjon framfor forbod.

Eg trur *ikkje* dette kjem av forskjellar i bakgrunn for då spesielt Nils Christie hadde årevis med erfaring som sosiolog og kriminolog med interesse for bland anna cannabis med fleire bøker skriven i forsvar av legalisering. Eg tru faktisk at det er nettopp her forskjellen oppstår. Christie og Andenæs vendte seg aldri mot allmennheita då de skulle argumentere før *etter* Pedersens innlegg. I staden skreiv de i bøker, og haldt appellar og talar for spesielt interesserte og var på mange måtar utanfor massanes blick. Pedersen derimot plastra argumenta klart og tydeleg i ei avis, lett tilgjengelig for de aller fleste, inkludert andre aviser. Derifrå vart informasjonen spreie vidare i Dagbladet, Aftenposten, VG og linknande vidare.

Men dette forklarar berre korleis haldninga spreidde seg, og ikkje nødvendigvis korleis Pedersen kan reknast som opinionsleiar. Igjen, argumenta han nytta seg av er de same som Christie og Andenæs, men formulert og presentert til samfunnet framfor andre forskarar og statsmenn. Han utfyllar difor rolla som opinionsleiar. Ikkje berre samla han kunnskapen og formulerte seg på ein forståeleg måte for lekmenn, man han retta også dette nettopp mot menneskjer som elles ikkje tenke stort over ein sak som i det store og heila påverka dei svært lite.

Samstundes trur eg det faktum at Pedersen forklarar at han angrar på sin mostand mot legalisering gjorde at fleire sjølv valde å ta eit retrospekt over sine egne tankar. Om ekspertar kan skifte meining så drastisk på ei sak tilsynelatande sett i stein, kan det kanskje tyde på at det er element ved diskusjonen ein ikkje fullt forstår, og ein kan sjå seg nøyd i å søkje svar på spørsmål ein aldri før stilte seg.

4.2.3 TOBAKKSLEIARAR

Til kontrast vil eg påstå at det ikkje eksisterer ein liknande opinionsleiar innan tobakksdebatten. Eg ønskjer å argumentere for at dette er grunna i at dei fleste allereie er nøgd med si tolking og forståing av tematikken. Ein lærar frå barneskulen og bortimot fram til døden kva tobakk er, kva den gjer med kroppen vår, og korleis den kan skade dei rundt oss. Folk følar difor ikkje behov for ein opinionsleiar til å samle, bearbeide og formidle kunnskap om røyk. Samstundes vert snus sett av den generelle befolkninga som mykje det same som røyk, med om lag 80% av risikoen (Skogstrøm & Dommerud, 2019). Mange forskarar derimot, lik seniorforskar ved Folkehelseinstituttet Karl Erik Lund (Skogstrøm & Dommerud, 2019) og Willy Pedersen (Bittersøtt) er einige om store helsegevinstar om røykarar går over til snusen. Folkehelseinstituttet kritiserer til og med helsedirektoratet i Aftenposten-artikkelen for ikkje å ha formidla dette godt nok. For meg er dette, saman med folks tankar om risiko ved snus og røyk klare indikasjonar på at det ikkje eksisterer nokon opinionsleiar.

Vår nye eldre- og folkehelseminister Sylvi Listhaug utalte tidlegare i år at hennar jobb var å opplyse og spreie kunnskap rundt helse, og at folk blant anna burde få røyke så mykje de ønskte, så lenge de viste om konsekvensane (Nilsen, 2019). Altså per definisjon, ho definerer sin jobb som ein opinionsleiar. I ettertid kom det eit fleirtal kritiske artiklar, kronikkar og kommentarar som meinte Listhaug hadde gjort ein signifikant grad av skade på arbeidet for folkehelse (Johnsen, Eriksen, 2019; Dagbladet, 2019; Ulserød, 2019). Altså, til tross for at Listhaug sjølv oppfattar si rolle som ein opinionsleiar ser det ikkje ut til at andre godtek ei slik tolking.

Og det er her ein ser ein av dei store forskjellane mellom cannabis- og tobakksdebatten. På den eine sidan har ein cannabisen, kor folk flest eigentleg berre veit at det er forboden, utan eigentleg å forstå kvifor. Cannabis er illegalt, difor må det jo være noko gale med det, eller? Det er tvil her. Ola Nordmann veit ikkje nok om stoffet, og søker difor kjelder som kan informere dei. På den andre sidan står tobakksdebatten, og her er me derimot forhandsvis sikre i vår kunnskap. Me har ingen behov for å søkje andre si tolking, me veit kva me ska meine, og me «veit» kva som er rett. Dette til tross for at enkelte vil meine denne kunnskapen ikkje nødvendigvis er like god når det kjem til andre tobakks- og nikotinprodukt lik snus og e-sigarettar (Skogstrøm, Dommerud, 2018).

4.3 ANALYSE I LYS AV SOSIAL MARKNADSTEORI

4.3.1 DET SOM MÅ VÆRE

Lat oss fyrst starte med det som ifølgje Kotler må være til stade for at eit sal skal kunne skje. Når eg ser på avkriminalisering/legaliseringssida er dette nemleg noko av det viktigaste dei gjer. Det går igjen i alt avkriminalisering/legaliseringsmateriale eg har utvald at de problematiserer den eksisterande måten me driv norsk narkotikapolitikk. Lat oss til dømes sjå til Pedersens innlegg frå 2009, kor han uttalar «*En får problemer i skole og arbeidsliv, sosiale nettverk kan reagere med utstøting, livskvaliteten synker. Dessuten: Bruken av cannabis påvirkes ikke*» (Pedersen, 2009). Det som skjer her er at Pedersen skapar eit behov for ein ny tankegang, ein ny sosialkonstruksjon om du vil. Det same gjer NRK med både Folkeopplysningen og «Derfor er cannabisrøykere tapere», kor dei visar sider ved alkoholpolitikken i kontrast med cannabispolitikken og igjen huggar ut rom for nye tankemåtar. Det er eit klart insentiv for den generelle befolkninga (kjøparen) å i det minste lytte til forkjemparar av avkriminalisering og legalisering (seljarar).

Om ein ser til forbodssida har den derimot ikkje klart å bevise til den generelle befolkninga at dagens politikk er verken effektiv eller god. I Folkeopplysningen nemnast det at Anders Anundsen har gått i front for ei liberalisering av alkohollovane, like etter dei presenterer funn som indikerer at cannabis er mindre farleg. Rett etter kommenterer professor i kriminologi Paul Larsson at lovforbud har lite for seg, og det presenterast ein graf som viser at verken slake eller stramme cannabislovar har betydeleg effekt på forbruk. Også her sett ein lys ved at dagens politikk ikkje utfyller sin hensikt, og eit nytt alternativ er nødvendig. I Redditposten i utvalet mitt er det også tydeleg at folk ikkje har sansen for måten politiet nærmar seg situasjonen. Sjølv sagt er det framleis folk som har tru på at dagens politikk kan oppnå de ønskte resultatata, slik ein ser i Bendixens bok, men det er tilsynelatande ikkje nok til å stoppe avkriminaliserings/legaliseringssida frå å skape eit marknad for sine tankar, sine «produkt».

4.3.2 DET SOM IKKJE MÅ VÆRE

Det som kanskje er av meir betydning for forbodssida er at de tilsynelatande innehar alle av de fire elementa Kotler eksplisitt utalte *ikkje* kunne være til stede for at eit sal skulle kunne skje. Fyrst, urettferdigheit. Om me ser tilbake til Redditråden som snakka om tweeten til politiet, kjem det veldig tydeleg fram at folk oppleve ein slik situasjon, kor narkomane allereie langt nede vert politimelt som svært urettferdig. «skam dere», «skjerp dere», «bra for statistikken». Fleire gongar i tråden uttrykkar folk misnøye ovanfor politiet og deira handtering av situasjonen, og de som forsvarar politiet er meir oppteken av at politiet skal

handheva loven enn at det nødvendigvis var det moralsk rette å gjere. I tillegg kan det opplevast urettferdig at både alkohol og røyk er lovlege stoffar, til tross for at de tilsynelatande er meir skadelege enn cannabis. Altså, budskapet forbodssida forsøker å selje har moglegheita til å oppfattast urettferdig.

Vidare kan forbodssida opplevast å drive med lureri og bedrageri. Lat oss til dømes sjå til Bendixen og Bentzen si argumentering mot eit narkomonopol liknande vinmonopolet. I begge argumentasjonane vert Nederland og deira «Kaffehus»-ordning nytta til samanlikning. Her rapporterast det om auka bruk, sal til mindreårige og sal av andre ulovlege stoffar. Problemet er då at ingen forkjemparar for eit narkomonopol eg har sett har argumentert for private utsalsstader lik dei ein finn i Nederland, men heller offentlege lik nettopp vinmonopolet. Eg ønskjer også at me ser til Bendixens «*Vis mange nokk bryt ei fartsgrense i trafikken, må vi fjerne fartsgrensa?*» Dette var meint å være ein respons til Pedersens innlegg i 2009, kor han blant anna utalte det var synd at elles lovlydige borgarar vart straffa for å røyke cannabis. I vakuum er dette eigentleg ikkje så uærleg, men om ein les Pedersens innlegg er det tydeleg at det ikkje var dette som var problemet. Lik me såg tidlegare i oppgåva var Pedersens problem at dagens politikk gjorde meir skade enn stoffet sjølv, og i lys av dette vert Bendixens framstilling av motstandarens argument uærleg og misvisande.

Til sist vil eg nytta meg av eit forslag frå Bendixen som eg vil meine innehar både irritasjon og invasjon av privatliv. I kapittel 7 av boka si legg Bendixen fram fleire forslag ho trur vil bidra til å oppnå eit narkotikafritt Norge. Eit av eksempla ho legg fram her er fleire og meir omfattande politikontrollar på ungdom- og vidaregåandeskule. Ikkje berre står eit slikt tiltak fullstendig i opposisjon med «uskuldig til det motsette er bevist», men det krev også at alle til ei kvar tid kan verte utsett for kontrollsjekk uavhengig om du i det heila har vore i kontakt med narkotiske stoffar eller ikkje. Eg vil påstå at dette innehar ein stor del av overvaksingsstat, og vil kunne opplevast nettopp som ein irritasjon for lovlydige borgarar og ein invasjon av privatliv for *alle* involverte.

4.3.3 SAL AV TOBAKK GÅR NED

Tobakksdebatten derimot ser ut til å allereie ha fullført handelen, og me har liten interesse i å høyre om konkurrenten. De siste 20 åra har vore nokså stabile når ein tek for seg tobakksdebatten, til den grad at me, lik me snakka om i opinionsleiardelen ikkje lengre søker ny informasjon. Me veit allereie kva røyk er. Det som kanskje er mest interessant her er korleis mange utførar reknestykket «*røyk=tobakk, snus=tobakk, e-sigarett=røyk, ergo*

røyk=e-sigarett=snus». I «Forsker: - Helsegevinsten er enorm ved å gå fra røyk til snus...» kunne ein lesa at folk anslår at snus er om lag 80% av risikoen ved å røyke, medan forskarar kjem i underkant av 10%. Ein skulle då tru at det var ønskeleg at røykarar gjekk over til snusen, då den i tillegg utgjer ingen skade for de rundt brukaren, men slik er det ikkje. Statistikk viser at stadig færre røyker, og om min tolking av at folk slår snus og røyk saman stemmer gjer dette det vanskeleg for tilhengarar av skadereduserande politikk å argumentere for at dagens politikk må endrast, at det ikkje er eit godt produkt.

5 DISKUSJON

Før me byrjar diskutera funna gjort analysedelen er det hensiktsmessig å minne oss sjølv på kva problemstillinga i oppgåva er. *Korleis har diskursen rundt cannabis kontra tobakk endra seg de siste 15 åra?* I denne delen av oppgåva vil eg forsøke å nytte meg av det me no har lært om cannabis- og tobakksdebattane for å prøve finne svar på denne problemstillinga.

5.1 ALLTID TO SIDER?

Som me såg i analysedelen er det i cannabisdebatten to ulike sosialkonstruksjonar som konkurrerer om dominans i samfunnet, og desse to har begge måtte drive med eksternalisering. Til kontrast er det i hovudsak éin akseptert sosialkonstruksjon innan tobakksdebatten. Kva kan være årsaka til dette?

Andenæs, Christie, Bentzen, Pedersen, Bendixen og Venstre er alle einige om at ein manglar oversikt over styrke, mengde og omfanget av cannabis i Norge. Det dei er ueinige om er framgangsmåte, og årsaka for konflikten ligg nettopp i deira ulike sosialkonstruksjonar. Dei er på mange måtar fullstendig uforeinlege. Forbodssida med drøyma om eit narkofritt Norge på eine sidan, og avkriminalisering/legalisering med eit mildare, skadereduserande perspektiv på den andre sidan.

Så kva konsekvensar oppstår av at desse to konstruksjonane står i opposisjon til einannan? Fyrst, de to partane opererer ikkje utifrå same verkelegheitsoppfatning. Den eine meiner me har tapt krigen mot narkotika, og må difor anerkjenne den har komen for å bli. Den andre sida derimot meiner me framleis kjempar, og må berre leggje inn den siste støytten for å oppnå eit narkotikafritt Norge. Konsekvensen av dette vert kanskje, forutan om diskusjonens mangel på felles utgangspunkt, at folk gjerne tiltrekkast mot argumenta som liknar deira eksisterande meiningar. Om verkelegheitsoppfatninga er ulik vil også argumenta ha veldig forskjellig betydning avhengig av kva ein allereie meiner er riktig. Men kvifor ser ein då ein vekst i

tilhengarar av cannabislegalisering? Dette kan være fordi avkriminalisering/legalisering har hatt mykje større suksess i å eksternalisere sin sosialkonstruksjon gjennom vitskapleg støtta argument, medan forbodssida har forsøkt å argumentere for noko som tilsynelatande ikkje har vore ein effektiv framgangsmåte, meir basert på trua på ein no svekka sosialkonstruksjon enn faktisk forskning.

Grunnen avkriminalisering/legalisering ser ut til å oppnå stadig meir tilslutnad kan også tenkast kjem frå det faktum at fleire forskarar i dag, lik dei me såg i Folkeopplysningen er semde i at ein restriktiv politikk ikkje løyser problemet. Det har ingen effekt på forbruk og enkelte, lik Pedersen, Christie og Andenæs har uttrykt at dagens politikk gjer meir skade enn stoffet sjølv. Den generelle samfunnsborgaren, gjennom innflytelsesrike opinionsleiarar får altså informasjon og kunnskap som aktivt problematiserer den etablerte sosialkonstruksjonen gjennom sosialmarknadsteori, og ein byrjar setje spørsmål til denne konstruksjonen. Er cannabis verkeleg så farleg som me har trudd? Er det kanskje betre måtar å tilnærma seg menneskjer som nyttar seg av narkotika? Kan avkriminalisering/legalisering være eit betre «kjøp» av samfunnet?

Mange stiller gjerne de same spørsmåla i kontekst av tobakksdebatten, lik me blant anna såg i Pedersens «Bittersøtt». Men om me stiller de same spørsmåla, kvifor er det då berre ein aktuell og akseptert sosialkonstruksjon? Det kan komme av at det ikkje eksisterer nokon opinionsleiar til å formidle desse spørsmåla, samt informasjon rundt tematikken lik ein kan sjå i cannabisdebatten. Eg vil argumentere for at dette kjem av at me ikkje søker opinionsleiarar. Den eksisterande sosialkonstruksjonen er integrert så djupt i vår kultur i desse dagar, og ingen har vore villig til å ta ei sterk stilling ovanfor mogleg skadereduksjon innan feltet. Folkehelseinstituttet nemnde at folks oppfatning av snus sitt skadeomfang har vore stabilt de siste 16 åra, og e-sigarettar med nikotin er framleis ikkje i lovleg sal i Norge. Dette til tross for at forskarar tilsynelatande er einige om at både snus og e-sigarettar er ønskelege alternativ til konvensjonell røyk.

Det kan difor for meg tyde på at ein treng opinionsleiarar til å spreie informasjon til den generelle befolkninga for at ein konkurrerande sosialkonstruksjon skal reelt kunne gå opp imot ein allereie internalisert konstruksjon. Om dette stemmer kan det bidra til å forklare kvifor folk meiner snus er nærmast like farleg som røyk, til tross for at ekspertar meiner det er stor helsegevinst å gå frå røyk til snus. Ettersom det kjem lite informasjon ut om denne gevinsten er det gjerne ikkje rart at folk trur dei har oppnådd forhandsvis god kontroll over

debatten, og de fleste vil då heller ikkje søkje verken ny informasjon eller opinionsleiarar til å formidle denne informasjonen.

Årsaka for ein manglande sosialkonstruksjon med skadereduksjon som fokus i tobakksdebatten kan likevel også komme av at dagens sosialkonstruksjon har vist relativ gode resultat. Ja, stadig fleire snusar, men røyking har kontinuerleg redusert i omfang som resultat av ein veldig restriktiv politikk. Om ein då i vår sosialkonstruksjon ser røyk, snus og e-sigarettar som mykje det same kan det være den generelle befolkninga framleis har tiltru til at ein slik politikk, og ein slik konstruksjon kan oppnå like resultat med andre tobakksprodukt om ein tar de rette stega. Det kan då hende det ikkje eksisterer eit behov for nokon ny tilnærming. I mitt utval meiner eg ein kan sjå at cannabisdebatten har vore prega av opinionsleiarar som effektivt har kunne problematisert den eksisterande sosialkonstruksjonen medan dei fremmar gevinstante ved sin eigen konstruksjon, og ved det kunne hugga ut eit rom for nye idear. Dette har vore fråverande i tobakksdebatten, og det kan tyde på at det er difor det ikkje har vore stor endring her.

5.2 CANNABIS PÅ MENYEN

Men, om opinionsleiarar *ikkje* er årsaka til at avkriminalisering og legalisering av cannabis har fått meir rom i debatten, kva andre årsaker kan ein finne? Som eg nemde tidlegare ser argumentasjonen ut til å ha vore for det meste lik de siste 15 åra.

Dette kan for meg tyde på at denne endringa ikkje nødvendigvis er ein konsekvens av gode argument frå avkriminalisering/legaliseringssida, då desse igjen har vore mykje de same, men heller på bakgrunn av forbodssidas mislukka forsøk på å overbevise om sin eigen verdi ovanfor samfunnet. I analysedelen fann eg fleire tilfelle kor forbodssida brøyt Kotlers gygne reglar for gjennomføring av eit sal. Irritasjon, urettferdigheit, lureri og invasjon av privatliv var alle element som prega argumenta. For meg var det spesielt mitt siste punkt som var særlig problematisk for forbodssida. Bendixen argumenterte som nemnd for auka politikontrollar på skuler. Eg vil tru eit slikt forslag opplevst som skremande for mange, då det kan ha implikasjonar for resten av samfunnet. Om me til dømes aksepterer denne auka i kontrollar for å fange opp de som bryt lova, vil me då også godta tilfeldige kontrollar på gata eller på jobb? Skal me då også gi staten lov til å overvake telefonsamtalar og meldingar? Vil ikkje dette berre føre til at de ikkje tar cannabisen med på skulen? Resultatet er då at du har fjerna cannabis frå skulen, men du har også dytta cannabisrøykarane enda litt lenge vekk frå periferien til samfunnet. Du har heller ikkje nødvendigvis redusert forbruket. Samstundes, om

ein skulle finna stoff på nokon ville cannabisrøykaren vorte hengt ut som ein utanfor samfunnet, og dens medelevar kan mogleikens bidra til at vedkomne vert dytta ytterlegare ut av det oppståande samfunn, og inn i det kriminelle. I eit slikt tilfelle har ein til og med klart og gjort situasjonen verre. Forslaget er altså ikkje effektivt i å løyse problemet og har difor liten verdi for kjøparen, altså samfunnet. Dette er gjerne spørsmåla eit slikt forslag vekker blant lesarar, og eg finn det ikkje vanskeleg å sjå korleis folk kunne konkludere at dette er for mykje overvaking. Andenæs åtvare i 2004 at datidas restriktive narkotikapolitikk hadde gått så langt det gikk i eit opent og demokratisk samfunn, og Pedersen gjentok dette sentimentet i 2015. Eg trur den generelle befolkninga byrjar å sjå det same. Folkeopplysningen informerte om at restriktiv narkotikapolitikk ikkje påverka bruken, og både Pedersen, Andenæs og Christie argumenterte for at politikken gjorde meir skade enn stoffet. Sjå til statssekretær i justisdepartementet Sveinung Rotevatn i «Venstre-topper vil vurdere narkomonopol for hasj og LSD». Her seiar ha at den kommande rusreforma vil slutte å sette narkomane i fengsel, men det den *ikkje* gjer er å løyse problemet av det svarte marknaden. Her er dagens politikk problematisert, og forslaget om narkomonopol opptre med ein gong som eit reelt alternativ. Igjen, det er både eit angrep på den aksepterte norma, samstundes som det opnar for behovet av ei ny alternativ løysing, ei løysing avkriminalisering/legaliseringssida meiner dei kan gi. Då må ein nesten spørje seg sjølv, kva er vitsen? Verdiproposisjonen vektar tungt i avkriminalisering/legaliseringssidas favør, kor du har ei mogleg løysing som (1) håper å svare til den svarte økonomien, (2) ønskjer å redusere lidinga til cannabisrøykarar, (3) fjerne politikk som tilsynelatande utgjer meir skade enn stoffet, og (4) kan til og med ha helsegevinstar som eit medisinsk stoff.

Tobakksdebatten støtter for meg denne tolkinga. De siste 15 åra har den generelle haldninga vore at me vil eliminere all bruk av tobakk, skadereduksjon er lite ønskeleg. Som nemnt fleire gongar er folk av den oppfatning at all form for tobakk er svært farleg. Det er difor brei aksept for eliminering av tobakk, noko eg trur mange meina er mogleg, nettopp fordi ein ser kontinuerleg minke i mengda daglegrøykarar. Det stemmer likevel at mengda snusarar aukar, kvifor trur eg då folk meina politikken fungerer? Igjen, som eg har nemnd fleire gongar i denne oppgåva er folk av den oppfatning at snus og røyk er av mykje same risikonivå, og eg meiner difor at mange vil tenkje suksessen med røyk kan oppnåast likt ved snus og e-sigarettar. Dette kan ein sjå ved at alle tre behandlast på mange måtar likt, uavhengig av at ein kanskje skulle tenkje snus og e-sigarett var meir ønskeleg enn røyk. Snusen vart, lik røyk, lovpålagt i 2016 til å nytte seg av standard boksar for å ikkje appellera til unge, og e-sigarettar

kan framleis ikkje innehalde nikotin. Tobakkspolitikken suksess i å redusere røyemengda gir altså kredens til den politiske føringa, slik at ein får ein samla front, ein samla sosialkonstruksjon som visar til ein klar verdi for samfunnet. Cannabispolitikken har ingen slik suksess å peike på, og verdien synk då i takt med dette.

Altså, om ein antek opinionsleiingar ikkje er den viktigaste faktoren for spreieing og eksternalisering av nye sosialkonstruksjonar, tyder cannabis- og tobakksdebatten på at det like godt kan være eit spørsmål om verdi. Kotler meinte at begge partar i ein handel måtte sjå det som hensiktsmessig å handle med motparten, og avkriminalisering/legaliseringssida både peiker på kvifor dagens politikk *ikkje* fungerer, så vel som forklarar kvifor nettopp deira «produkt», deira sosialkonstruksjon kan svare problema, har forbodssida hatt vanskar med å bevise at deira politikk har nokon form for verdi. Utvalet mitt tyder for meg på at forbodssida er prega av å ha vore den aksepterte norma, og har difor ikkje effektivt formulert verken sin eigen verdi, eller motstandaranes mangel på verdi.

6 AVSLUTNING

6.1 KVA FANN EG?

I denne oppgåva har eg sett på både cannabis- og tobakksdebattane i Norge i eit forsøk på å utforske korleis samfunnsvide verdiar, haldningar og handlingar spreiar seg gjennom diskurs. Eg har nytta meg av tre teoriar eg har oppfatta som sentrale i tolking av ei slik problemstilling, sosialkonstruksjonsteori, opinionsleiarteori og sosial marknadsteori. Ifølgje sosialkonstruksjonsteorien kan ein tolke cannabis- og tobakksdebattane til å være i ulike fasar av sosialkonstruksjonen. Medan me finn cannabisdebatten i eksternaliseringsfasen, kor ein må prestere gode og overbevisande argument for kvifor nettopp deira konstruksjon er betre enn motstandaren, finn ein derimot at vår sosialkonstruksjon rundt tobakk er godt integrert, kanskje fordi den til no har vist gode resultat. Opinionsleiarteorien kan vise til at sentrale figurar med evna til å bearbeide og spreie informasjon om ein tematikk er sentrale for spreieing av ein sosialkonstruksjon, men at det fyrst må eksistere eit behov for ein slik figur. Om den generelle befolkninga er av den oppfatning at de kan nok om tematikken til å lage ei velinformert meining, har dei lite insentiv til å søkje informasjon som kan motsei dette. Sosial marknadsteori fokuserte på, og viste korleis de ulike sidene i ein debatt kan veies opp mot kvarandre utifrå eit verdisystem. Den viste oss også kvifor avkriminalisering/legaliseringssida har oppnådd meir suksess i spreieing av sine tankar og verdiar ved undergrave den eksisterande, internaliserte politiske retninga.

6.2 KVA KUNNE VORTE GJORT ANNALEIS?

Om eg skulle gjort denne oppgåva på nytt ville eg truleg forsøkt å henta tak i meir materiale frå 2009 og fram som argumenterte for forbodssida for cannabis, for å betre oppnå ein balanse mellom argumenta. Eg ville også truleg forsøkt å kutte ned på mengda materiale, då noko av utvalet vart meir overflatisk enn eg kanskje skulle ønskje. Eg står riktignokk framleis for at alt det utvalde materiale *er* aktuelt, og har verdi for oppgåva, men kanskje det vart litt mykje av det same for dokumenta etter 2015.

Eg trur også eg kunne betre ha forsøkt å sjå forbodssida frå andre vinklar enn mi eigen. Slik det er no føler eg kanskje at mykje av funna mine er litt prega av egne verdiar og tankar før eg byrja med oppgåva, og at dette har påverka både val av materiale, så vel som tolkinga av funna.

6.3 KVA KAN GJERAST VIDARE?

Om eg hadde gått vidare med denne problemstillinga trur eg det hadde vore interessant å kombinere de eksisterande funna med djubdeintervju for å eventuelt fått Ola Nordmanns tolking og oppfatning av de to debattane. Ved å gjere dette kunne ein tileigna seg ulike rammeverk, ulike verkelegheitsoppfatningar å tolke de ulike funna utifrå utan å måtte til ei kvar tid gå inn i seg sjølv og spørje om ein ser det ein vil sjå, eller om dette er noko folk faktisk ville sakt seg einig i.

7 KJELDER

7.1 KJELDER FOR UTVALD MATERIALE

Andenæs, J. (2004) En mer human og rettferdig narkotikapolitikk?. I W. Pedersen, H. Waal (Red.), *Rus og veivalg* (s.68-73). Oslo: Cappelen akademisk forlag

Barstad, S. (2018, 9.april) Venstre-topper vil vurdere narkomonopol for hasj og LSD. *Aftenposten*.
Henta frå : <https://www.aftenposten.no>

Bendixen, S. (2015) *Er det så farleg, då? – om legalisering av narkotika*. Solveig Bendixen

Bentzen, K. (2004) Slaget er ikke tapt. I W. Pedersen, H. Waal (Red.), *Rus og veivalg* (s.89-93). Oslo: Cappelen akademisk forlag

Christie, N. (2004) Forbudstidens siste dager. I W. Pedersen, H. Waal (Red.), *Rus og veivalg* (s.82-88). Oslo: Cappelen akademisk forlag

Nome, M., Hesselberg, JO. (redaksjon) & Molstad, B (regi). (2016)

Cannabis [TV serie episode]. I K. Hersoug (produsent)

Folkeopplysningen. Norge: NRK

NRKhumor. (2016, 14. september). *Derfor er hasjryktere tapere* [videoklipp].

Henta frå : <https://www.youtube.com>

Pedersen, W. (2015) *Bittersøtt – nye perspektiv på rus og rusmidler* (3.utg) Oslo: Universitetsforlaget

Pedersen, W. (2009, 16. oktober). Cannabis bør legaliseres. *Morgenbladet*. Henta frå : <https://morgenbladet.no>

Reddit. (2019) Bra de fikk anmeldt stakkaren!. Henta frå : <https://www.reddit.com>

Skogstrøm, L., Dommerud, T. (2019, 25. mars). Forsker: - Helsegevinsten er enorm ved å gå fra røyk til snus. Det er myndighetene lite villig til å opplyse om. *Aftenposten*. Henta frå : <https://www.Aftenposten.no>

7.2 BOKKJELDER

Charmaz, K. (2014) *Constructing grounded theory* (2.utg) London: Sage publications

Johannesen, L.E.F., Rafoss, T.W., Rasmussen, E.B. (2018) *Hvordan bruke teori? - Nyttige verktøy i kvalitativ analyse*. Oslo: Universitetsforlaget

Kotler, P. (2011) Philip Kotler's contributions to Marketing Theory and practice. I Malhontra, N.K. (Red.), *Review of Marketing Research*, (s.87-120). Emerald Group Publishing Limited

Schiefloe, P.M. (2015) *Mennesker og samfunn – innføring i sosiologisk fortåelse* (2.utg). Bergen: Fagbokforlaget

Tjora, A. (2017). *Kvalitative forskningsmetoder - i praksis* (3.utg). Oslo: Gyldendal akademisk

7.3 NETTKJELDER

Aarseth, H.P. (1996). Sterkere innsats mot røyking. *Tidsskriftet den norske legeforening*, vol. (116), s.659.

Henta frå : <https://tidsskriftet.no>

Berke, J. (2018, 7.november) Here's where you can legally consume marijuana in the US in 2018.

Business insider. Henta frå : <https://www.businessinsider.com>

Botelho, G. (2015, 25. februar) Alaska becomes latest state to legalize marijuana use. *CNN*.

Henta frå : <https://edition.cnn.com>

Brundtland, G.H. (1981) Røykeforbud på offentlige steder. *Regjeringen*.

Henta frå : <https://www.regjeringen.no>

Carroll, R. (2012, 7. november) Marijuana legalisation: Colorado and Washington vote yes. *The Guardian*.

Henta frå : <https://www.theguardian.com>

DEA. (n.d) Drug scheduling. Henta frå : <https://www.dea.gov>

Hastings, G., Saren, M. (2003) The critical contribution of social marketing – theory and application. *Marketing Theory*, vol.(3) (s.305-322). Henta frå: <https://www.academia.edu>

Hauge, R. (2011). Avkriminalisering av narkotikabruk og den nye straffeloven.

Henta frå : <https://www.jus.uio.no>

Hauge, R. (2009). Hasj i norsk, historisk perspektiv. *Mot rusgift, hasj (90)*, s. n.d.

Henta frå : <https://www.fmr.no>

Helsedirektoratet. (2018). E-sigaretter, røykeslutt og helse. Henta frå : <https://helsenorge.no/>

Johansen, K.A., Johansen, A.B., Johannessen, D.A. (2018). *Portugal på norsk – et kunnskapssammendrag for varslet narkotikapolitisk reform for bruk og besittelse av illegale rusmidler*. Henta frå : <https://rio.no>

Johnsen, A.B., Eriksen, E. (2019, 10.mai) Røykende folkehelseminister vekker oppsikt: - pinlig for Norge. *VG*.

Henta frå : <https://www.vg.no>

Lund, I., Lund, K.E. (2018) Historisk oversikt over tobakk i Norge 1619-2018. Henta frå : <https://fhi.no>

Nilsen, A. (2019, 21. mai) Sylvi har rett: moralismen må vekk!. *Nettavisen*.

Henta frå : <https://www.nettavisen.no>

NRK. (2019). Vår felles historie - Allmenkringkasterregnskapet 2018. Henta frå : <https://www.nrk.no>

Parau, P., Lemnaru, C., Dinsoreanu, M., Potelea, R. (2017) Opinion leader detection. I A. Pozzi, E. Fersini, E. Messina, B. Liu (Red.), *Sentiment analysis in social network*. (s.157-170)

Henta frå : <https://www.sciencedirect.com>

Sander, K. (2017) Opinionsleder. Henta frå : <https://estudie.no>

Skretting, A., Amundsen, E.J. (2018) Historisk oversikt over narkotika i Norge 1912-2018.

Henta frå : <https://www.fhi.no>

Stubberud, J.A. (1997, n.d.) Hvor farlig er hasj?. *UiO*. Henta frå : universitas.uio.no/Arkiv/1997/16/kultur1.html

Tobakksskadeloven 2018 (HOD) (Nor.). Henta frå : <https://lovdata.no>

Ulserød, T. (2019, 7. mai) Listhaug er et merkelig valg som folkehelseminister | Torstein Ulserød. *Aftenposten*.

Henta frå : <https://www.Aftenposten.no>

Vedøy, T.F., Lund, K.E., Lund, M., Sæbø, G. (2018) Risikooppfatninger om tovakk- og nikotinprodukter.

Henta frå : <https://www.fhi.no>

NTB (2018, 28. januar) KRF vil skjerpe røykeloven. *Adressa*. Henta frå : <https://www.adressa.no>

NTB. (2019, 6. mai) Kreftforeningen ut mot Listhaug. *Dagbladet*. Henta frå : <https://www.dagbladet.no>